



Tidlegare rektor Britt Arnesen var imponert

- Dette er fantastisk når det til slutt vart gjennomført. Det sa tidlegare rektor Britt Arnesen etter at ho hadde granska den renoverte klasseromsfløyen under open dag-arrangementet i føremiddag. Og dei 3 andre tidlegare rektorane som møtte fram protesterte ikkje på det. Til dømes var dei svært fornøgde med at skulen har fått eit kopi- og arkivrom. Og den nye fløyen er ljøs og triveleg, ikkje minst lærer-rommet.



- og foreldrerepresentant Kjell Erik Taranger var imponert

Trass i det vonde veret kom rundt regna 120 til arrangementet - like mange som dei 'faste' på skulen - og det var imponerende,



Førsteklassa song

Dei fekk oppleva at heile skulen song etter snorklipping ved elevrådet. Ikkje minst imponerte 18 førsteklassingar som hadde ein engelsk song om fargar på repertoaret. Godt instruert dans ved sjettem- og sjuandeklassen som den nye rektor hadde ansvaret for var siste bolke i halvtimesprogrammet. Så inviterte elevrådet på overgådig servering.



- og sjetteklassa dansa

Deretter gjekk undervisninga sin gang, men denne dagen for opne dører. Det trivelege arrangementet var av det slaget som styrkar kontakten mellom bygda og skulen. Det vara i to og ein halv time og det var akkurat tilstrekkeleg.



Tidlegare lærar Bjørg Møyfrid Fredheim og noverande lærar Marit Larsen utvekslar erfaringar  
Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Ny rektor i renovert skule - her i femteklassa